

Alver kommune  
Att:  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## **Alver kommune - Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustadar i Knarvik gnr188 bnr406 bnr420 bnr802 mfl**

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 19.06.2020 med melding om oppstart av planarbeid reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustadar i Knarvik.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

### **Føremål og planstatus**

Bakgrunn for planarbeidet er at det skal byggjast fleire bygg i kommunal regi i Knarvik sentrum i åra framover. Det skal også byggjast nytt reinseanlegg med tilknytt pumpestasjon og omsorgsbustader for rus og samtidig psykisk lidning. Planarbeidet omfattar i tillegg tilrettelegging av friområdet på Kvassneset med møteplass og kyststi, vurdering av tilkomst til kommunal eigedom samt mellombels parkering ved Helsehuset.

Største delen av planområdet ligg innanfor gjeldande områdeplan for Knarvik, med unntak av området ved Kvassneset som ligg i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen.

### **Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest**

Det er i vårt kartverktøy [Yggdrasil](#) registrert fiskeplassar med bruk av passive reiskap (garn) i fiske etter lange i Osterfjorden. Vi meiner det er positivt at det vert lagt opp til reinsing av avlaup til Osterfjorden. Planområdet strekkjer seg ut i sjø ved Kvassneset. Det framgår ikkje av oppstartsvarsel om det er planlagt tiltak i sjø ved Kvassneset. Viss ikkje kan planområdet avgrensast til kystlinja. Dersom det skal planleggast for tiltak i sjø

føreset vi at det vert sett i gong avbøtande tiltak dersom det viser seg at tiltaket kan gjere skade på det marine biologiske mangfaldet og fiskebruksområde.

Vi har elles ikkje merknadar til varsel om oppstart av planarbeidet.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ina Giil Solheim  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**  
Alver kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG

